

Eg går bortover mot huset hans og eg har den raude kjolen på. Eg veit han ikkje kan motstå meg når eg har den raude kjolen på. Det var difor eg tok han på meg akkurat i kveld.

Han opner døra sakte og eg tenkjer at han er litt treig. Det har han i grunnen alltid vore. Alltid vore litt treig. No òg. Ser han ikkje at eg frys? Ser han ikkje at eg står her og har gåsehud på armene og er kald? Ser han ikkje at eg frys? Det er sein kveld og sein oktober og eg har den raude kjolen på, og eg veit han ikkje kan motstå meg no.

Han lurar på kva eg gjer der. Kvifor eg brått berre står der og har dukka opp slik. Eg seier at eg treng hjelp med noko. Ja, akkurat - eg treng hjelp til noko - og han må hjelpe meg.

- Du veit eg ikkje kan motstå deg når du har den raude kjolen på, seier han.

Eg svarer at eg veit det. At eg veit at han ikkje kan motstå meg i den raude kjolen. Den raude elegante kjolen. Han ser på meg og seier at eg må slutte å vere så sjølvgod.

- Du må slutte å vere så sjølvgod, seier han.

Eg kallar han ein kødd, sjølv om det eigentleg berre er eit teit uttrykk eg har lært frå ei i Bergen.

Han lurar på kva eg treng hjelp til. Sjølv sagt lurar han på det. Eg sa jo det, at han måtte hjelpe meg, og no sit han altså her og lurar på kva eg treng hjelp til. Eg vil ikkje seie det, så eg spør heller om ikkje han kan by på eit glas raudvin. Raudvin i eit djupt glas. Han ser rart på meg og spør om eg meiner det alvorleg; drikke raudvin, frå djupe glas, på ein onsdag? Eg har vel ikkje gløymt kva som... Eg avbryt han, eg har ikkje gløymt kva som skjedde den gongen, korleis kan eg vel det?

- Korleis kan eg gløyme det?, spør eg.

Han blir stille. Eg minner han på raudvinen og dei djupe glasa. Han skjenker og eg rettar litt på kjolen. Passar på at alt er på rett plass. På plass i den raude kjolen han ikkje kan motstå meg i. Han rekkjer meg glaset og spør igjen om kva det er eg treng hjelp med. Eg nippar til raudvinen, vil ikkje svare, ikkje enno, vil ikkje tenkje på det meir. Eg spør han om vinen, om kva årgang det er og om han er fransk eller spansk, og når han svarer nikkar eg berre som for å vise at den er godkjend. Han fortel at han har betre årgangar i kjellaren. Betre årgangar og frå heilt andre kontinent, men det er trass alt berre onsdag. Det er ikkje til å kome ifrå at det er onsdag og onsdag er ikkje dagen for årgangsvin.

- Dette har vi visst snakka om før, seier eg.

- Vi har visst det, svarer han.

Han strekkjer ut handa og plasserer ho på arma mi. Heilt uskuldig, men eg vil ikkje. Han seier at han vil ta på meg, berre litt, stryke meg forsiktig på armen, kanskje. Eg tenkjer at - det har du allereie gjort, din kødd. Eg snur meg og går mot verandaen. Så opner eg dørene, det er to av dei og dei lagar ein svisj-lyd når eg skyver dei frå kvarandre. To dører frå kvarandre - svisj. Han spør kva eg gjer, lurar på om eg eg gal. Det er oktober, sein oktober og berre to grader ute. To grader berre, og eg opner dører? Han høyres opprørt ut, nesten litt sint, men definitivt mest opprørt. Eg held glaset over hovudet og dansar lett ut på verandaen. Han står framleis inne og prøver få meg til å kome inn att. Men eg vil ikkje kome inn att. Eg vil heller klyve opp på rekkverket. Eg balanserer. Glaset er tomt no. Han må skjenke i meir. Han tek glaset ifrå meg og skjenker raudvin oppi medan han mumlar - onsdag. Eg balanserer og han seier at eg må vere forsiktig. Eg må ikkje falle ned. Eg spør om han er redd eg skal falle ned å døy, kanskje. Han ler og seier at han ikkje er redd eg skal falle ned og døy, at eg truleg ikkje vil døy av å falle éin meter. Han tenkjer sjølv sagt på kjolen. Den fine raude kjolen han ikkje

kan motstå meg i. Men no spør han igjen. Han spør igjen om kva det er eg vil at han skal hjelpe meg med. . Eg må nesten svare, har gått tom for digresjonar. Har ingen fleire tema og ro over på. Tom for tema og snart tom for raudvin og glaset er uendeleg djupt. Eg latar som eg held på å falle ned, slår ut med armane for å finne att balansen. Eg kjenner handa hans rundt foten min og han kviskrar at eg må vere forsiktig. Ja, ja, svarer eg og balanserer bortover rekkverket. Eg må sei det snart, det er ikkje til å kome ifrå. Aller helst vil eg berre late att augene og flyte vekk, utan å tenkje på det, men eg må sei det. Eg må sei det snart.